

Fylkesdirektør opplæring Svein L Heggheim

12.10.2017

## HØYRINGSUTTALE OM ELEVINSPEKTØRORDNINGA

Viser til utsendt mail av 29.09.17 om uttale frå skulane innan 15.10.17 om elevinspektørordninga ved HFK.

Ein ønskjer synspunkt frå skulane på følgjande spørsmål, jf. utsend presentasjon:  
Kva konsekvensar kan det ha for skulane dersom pålegget om elevinspektørstilling fell bort?

Kva fordelar og ulemper kan lokalt handlingsrom og fleksibilitet innebere i høve til å ivareta ansvarsområda og oppgåvene

Vi vil med dette signalisere at det vil få negative konsekvenser dersom elevinspektørstillinga fell bort.

I presentasjonen frå fylkesdirektør opplæring er stillinga omtalt slik:

• *Hovudområde - Elevrådskontakt og elevdemokrati - Arbeid med skulen sitt læringsmiljø - Elevteneste/ rådgivingsteneste og ressursteam (også bortebruarar, internat)*

Det var ei god styrking av skulane sitt handlingsrom andsynes både arbeide med elevdemokrati og skulemiljøet generelt då skulane fekk tilført denne stillinga i 1998. Ordninga med elevinspektør har vore og er ei styrking av skulane i Hordaland si satsing på eit godt, demokratibyggjande skulemiljø med fokus både på heile elevgruppa og den einskilde elev sine utfordringar. Skulane vil stå dårlegare rusta på dette området dersom stillinga vert teken bort.

Presiseringane i opplæringslova §9A er etter vårt syn ei ytterlegare grunngeving for kor viktig det er å satse på elevinspektørordninga. Rektor har som i alt anna, endeleg ansvar for at alle elevar ved skulen har eit trygt og godt skulemiljø, men det er for rektor umogleg å handtere dette utan bruk av delegasjon. Aktivitetsplikta er understreka i lovkrav og HFK har utarbeidd malar og rettleiing til bruk i skulane for god handtering gjennom felles system. For den einskilde skule er det viktig å ha eit eins system og nivå for handtering av slike vanskelege saker.

Forvaltningskompetanse er også eit viktig poeng her. Gjennom samling av §9A saker hos elevinspektør er det lett å sikre nødvendig kompetanse for god handsaming på likt vis i høve til elevsaker. Vi vil kunne sikre lik og grundig kjennskap til regelverk i organisasjonen gjennom at ein person har eit hovudansvar og kan rettleie m.a. avdelingsleiarar i dette.

Slik vi ser dette er elevinspektør ein ressurs som vi ynskjer å bruke til dei felte som vi har innarbeidd i ny organisasjon og som bygger på mangeårig bruk av denne stillinga. Dette gjeld ansvar for organisering ved oppstart av skuleåret, skuleval, dataundersøkingar ( elevundersøkinga, Ung data m.m.), ansvar for elevrådsarbeidet ( inkludert EO, temadag for elevane, Operasjon dagsverk, kontakt med poilti og Trygg trafikk) og diverse seminar med elevrepresentantane) og kontakt med russen. Desse oppgåvene fins og må utførast og det har vore ein styrking av skulen sin evne til å løyse dei på ein god måte at vi har og har hatt elevinspektørstillinga.

Dersom skulane framleis får den øyremerkte tildelinga vil det vere ei føremon ved at skulen får auka handlingsfridom. Ein kan då leggje elevinspektøroppgåvene til ein avdelingsleiar, dele oppgåvene på fleire eller omdisponere leiarressursar slik at elevinspektør vert avdelingsleiar med dei plikter og fullmakter som ligg til avdelingsleiar. Vi ser det som ei føremon om elevinspektør vert ein del av skulen si leiing. Dersom konsekvensen vert at skulen mister elevinspektør og får redusert tildeling, kan vi ikkje sjå korleis vi skal få løyst dei samla leiaroppgåvene.

Sitat frå presentasjonen dykkar: *•Prioritering av pedagogisk leiing er knytt til å etablere mål for skulen, følgje opp elevane si læring og læringsmiljøet, samt involvere tilsette og elevar i systematisk skuleutvikling. • Leiinga har ansvar for å utvikle ein undervisnings- og vurderingskultur bygd på kunnskap, erfaringar og observasjon av læringssituasjonar, der det vert oppfatta som eit felles ansvar å undersøke kva elevane har lært og vurdere kva skulen skal gjere når eleven ikkje lærer som forventa.*

I praksis er elevinspektørstillinga ei sær s viktig stilling for utvikling av elevdemokratiet ved skulane gjennom arbeidet med elevrådet og også i arbeidet med å hindre fråfall. Elevinspektør har også eit hovudansvar rundt utvikling av felles nærvær- og trivselsfremjande tiltak for elevane ved skulen som heilskap.

At Hordaland fylkeskommune har satsa på styrking av skulane sine rammer for å bygge gode skulemiljø med vekt på trivnad, gjennomføring og demokratibygging er i tråd med vidaregåande opplæring sitt samfunnsmandat, og syner etter vårt syn at politisk leiing har forstått kor viktig det er å setje skulane best mogleg i stand til å ta dette ansvaret og gjennomføre det på best mogleg vis. Det vil vere ei stor forringing av skulemiljø- og demokratiutviklingsarbeidet ved skulane dersom vi ikkje lenger skal kunne ha elevinspektørstillinga til å dedikere til dette arbeidet.

Ingebjørg Bakke  
rektor